

Beitebruksplan 2025-2035

Høyringsutkast



[Undertittel]

Forord

Beitebruksplanen er ein presentasjon av beiteareala i kommunen og bruken av desse til beiting med husdyr. Den skal dokumentere omfang og verdi av noverande bruk, historisk bruk og gi føringar for framtidig bruk.

Uavklarte juridiske problemstillingar vert ikkje løyst i denne planen, men dei kan løftast fram og tiltak kan bli foreslått.

Det er viktig å dokumentere beitebruken for å få fram verdien av dette for norsk matproduksjon og kulturlandskap i innmark og utmark.

Beitebruksplanen kan også sjåast i samanheng med registreringar av verdifullt jordbrukslandskap.

Det er avgjerande at forvalting og politikarar ser verdien av beiting og tar omsyn til dette saman med mange andre interesser i utmark.

I arbeidsgruppa for beitebruksplan har Sigmund Trydal, Jørgine Mosdøl og Siv Jeiskelid vore med. Desse representerer bondelag, sankelag og sauelag i kommunen.

NIBIO har kartlagt delar av utmarksbeite på oppdrag frå Bykle kommune.

Denne rapporten ligg på kartenesta Kilden (<https://kilden.nibio.no>)

1.HISTORIKK OG FAKTA

« et nå kjøt di grjonmerr »

1.1.Beitebruken sin verdi og omfang

Verdien av utmarksbeite i Noreg er om lag 1 milliard, 2 mill sau og 300 millionar foreiningar (Fme).

Dersom 1000 dyr beiter på utmark i Bykle er verdien av dette grovt rekna 1 Fme per dag 360.000 kr.

Bykle har tradisjonelt hatt mykje kjøt i kosthaldet i motsetning til lenger ned i Setesdal der det gjekk an å dyrke meir korn.

Berre 3 % av jord i Noreg er matjord (1). I Bykle kommune er det nok 0. Alt dyrka areal blir brukt til å produsere gras. Om lag 75% av dette blir brukt til å hauste vinterfôr, resten som innmarksbeite.

Utmarksbeite er godt i Bykle (2). Utmarksbeite er bra for sjølvforsyning, karbonbinding, kulturlandskap, biologisk mangfald og dyrehelsa (1)

Utnytting av beitegras er utnytting av ein ressurs som har liten alternativ verdi. Enten blir desse beiteplantene spist av ein drøvtyggar eller så visnar dei og er til ingen nytte. Dette er eit viktig aspekt i dette med å utnytte beiting, men også i diskusjonen om raudt kjøt.

Jon Sæland sa i 1902 at grisen et menneskemat (mjøl), vi må vel føye til kylling, medan sau og storfe bruker gras, urter og lauv som berre hjortedyr kan konkurrere om. Dette med sjølvbergning har vorte meir aktuelt under corona pandemien i 20-21, og som følgje av krig og konflikter i verda.

Det er slutt på å hauste vinterfôr i utmark. Det er på det nærmaste slutt på ikkje-maskinell hausting av innmark. Derfor blir beiting desto viktigare.

1.2.Beitegrunnlag og beitekapasitet

Bykle kommune er ein stor utmarkskommune på 1450 km², der om lag 95 % av arealet er LNF område. Store delar av utmarka er verna med tanke på villrein, og mykje av utmarka er utnytta til vasskraftutbygging.

Lokale beitedyr i utmark beiter stort sett i heimeheii, medan leigesau blir slept høgare opp. Det er per .1.08.20 totalt 1200 lokale småfe, 130 storfe og 15 hest på beite. (Inntil 2800 leigesau i tillegg) Dei fleste småfe er på utmarksbeite, andre dyr stort sett på innmarksbeite.

Andre hjortedyr, villrein, elg, hjort og rådyr har vi ikkje sikre tal på, anna enn det som er felt. Det er ein pågåande diskusjon om beitekonkurranse mellom sau og hjortevilt. Dette gjer at enkelte grunneigarar ikkje ynskjer sauebeiting i sine utmarksområde. Dette gjeld både i heimeheii og i høgfjellet. Dei som har ikkje driv gardane sine og ikkje har dyr, er ofte negative til å leige ut beite.

Om lag 570 dekar innmark er ute av drift, særleg i grendene Berdalen, Stavenes, Byklum og Bjørnarå. (tal henta frå NIBIO's gardskart). Denne ressursen kan aktiverast att gjennom oppfølging av driveplikt, stimulering til utleige og bruk av nye mindre maskiner eigna for mindre og bratte teiger.

Kapasiteten på utmarksbeite er ikkje fullt utnytta, og målet med NIBIO si kartlegging er å få eit estimat om kor stor produksjonen på utmarksbeite kan vere.

Sommaren 2022 og 2023 vart det utført ei stor kartlegging av utmarksbeite i Bykle. Dei kartlagde arealet er 247 km². Detter er berre 15 % av arealet i utmark. Det er vald ut av gruppa for beitebruksplan, kva for område som var viktigast å få kartlagt.(14)

Konklusjon (henta frå rapporten)

Vegetasjonskartlegginga i Bykle viser ei dominans av middels rike og skrinne vegetasjonstypar. Den mest utbreidde vegetasjonstypen under skoggrensa er blåbærbjørkeskog med 30 % av arealet. Sjølv om utforminga varierer noko, er blåbærbjørkeskogen jamt over av ei frisk utforming som gir gode beiter. Engbjørkeskog utgjør dei beste skogsbeita, men denne typen dekker berre 3 % av arealet under skoggrensa. I fjellet er risheia den mest utbreidde vegetasjonstypen. Den fins særleg i lesider i lågfjellet. Rishei dekker 42 % av arealet over skoggrensa, og er også den mest utbreidde typen totalt i kartområdet med ei samla dekningsgrad på 20 %. På grunn av kor utbreidd den er, er risheia den viktigaste vegetasjonstypen i fjellet med omsyn til beite, men utformingane varierer. Mykje av risheia som fins på utflata parti er av ei fattig utforming, medan frisk rishei som hovudregel fins i hellande terreng med betre vassforsyning. Grassnøleier dekker berre 5 % av fjellarealet, men er likevel viktige beiteareal i fjellet, då dyra her vil finne planter med god næringskvalitet gjennom heile vekstsesongen. Etter rishei og blåbærbjørkeskog er grasmyr den mest utbreidde vegetasjonstypa i kartområdet, med ei samla dekningsgrad på 12 %. Under skoggrensa dekker grasmyr 16 % av arealet. Dersom ein fordeler dei kartlagde areala i Bykle på beiteklassane «mindre godt», «godt» og «svært godt» beite, er andelen i kvar klasse nær gjennomsnittet for Agder. Dette er et godt stykke under gjennomsnittet for landet. Sjølv om utmarksbeita objektivt sett er relativt fattige, kan dei utgjere fullgode beiteareal dersom dyretallet vert tilpassa beitegrunnlaget. Beitekapasiteten for dei kartlagde områda er utrekna til i underkant av 6 600 saueingar. Fordelt med 75 % av beiteressursen på sau, og dei andre 25 % på storfe, tilseier dette plass til om lag 4 900 sau og 330 storfe. Basert på tal frå organisert beitebruk, samt opplysningar frå Bykle kommune, vert det i dag slept eit tal dyr på utmarksbeite tilsvarande ca. 3 700 saueingar. Det kartlagde arealet utgjør berre ca. 15 % av utmarksarealet i kommunen. Dette gir ei svært låg utnytting, og tilseier at utmarksbeita i Bykle ikkje er noko avgrensande ressurs. Ved gjennomføring av skjøtselstiltak har ein mest att for å prioritere dei beste areala. Tynning i frisk engbjørkeskog og rydding av beitevollar er gode tiltak. Styling av beitedyr er også viktig for å sikre ein god skjøtsel og beitebruk. Sambeite med både sau og storfe vil som hovudregel gi ein best samla utnytting av beitene. For å utnytte beitepotensialet i grasmyrareala, er ein avhengig av storfe. Motsett er det sauen som vil kunne utnytte dei høgareliggande fjellbeita, då produksjonen her blir for låg for storfe.

1.3 Beiting for kulturlandskap og biologisk mangfald

«Det er ein arv frå tidlegare generasjonars utmarksbruk som no forvitrar. Skal vi ta vare på produktiviteten i utmarka for matproduksjon må ho brukast- beitetrykker må haldast høgt. I dag er beitedyra for få og går for spreitt, dei seinkar attgroing, men stoppar ho ikkje.» Yngve Rekdal (3)

Både i innmark og utmark er kulturlandskap forma gjennom tusenvis av år. Beitebruken vil vere avgjerande for korleis kulturlandskapet endrar seg framover.

For lite beitetrykk vil føre til attgroing og tap av biologisk mangfald. Det er dette som er vår utfordring. Eit varmare klima kan også føre til at produksjonen av planter aukar og då blir dette desto viktigare (3)

For høgt beitetrykk kan gjere at plantene utviklar beitehemmande stoff som gjer at dyra vrakar dei. (3) Det kan skje der ein har store konsentrasjonar av dyr i eit avgrensa område.



1.4.Organisering

Bykle og Hovden Sankelag er ein organisasjon for lokale bønder, hittil berre sauebønder. Dei syter for å organisere innkjøp av utstyr som dei kan få tilskott til via Statsforvaltaren. Det er likevel minimalt med felles sanking. Det er innkjøpt utstyr som letter sanking, radiobjøller, sankeagar og saltsteinsautomatar. Det er også tidlegare rydda drifteveggar.

Besetningane er etter kvart færre, men større. Dette betyr at det er færre å fordele oppgåver på.

Myrkvæven Beitelag er beitelag for området Myrkvæven med base i Mjåvassdalen.

2.LOVVERK OG RAMMER

Godt naboskap krev gode gjerdar

2.1.Aktuelle lover og forskrifter

Som grunneigar har ein rett til å nytte beite i utmark (og innmark) der ein eig. Det kan hende at det er beiterett der ein ikkje er eigar. Slike ordningar er det mindre av. Etter som det er blitt jordskifte i utmark er det gått over til full eigedomsrett.

Beitelova (6) gjev ikkje bonden lov til å la beitedyr gå overalt.

I Bykle kommune har det vore drøfta i mange år kva for beiterettar som gjeld for kommunale byggefelt. Grunneigarar som tidlegare hadde beitedyr hadde felles beiterett i utmark. Då kommunen kjøpte opp dette til utbyggingsområde vart ikkje beiteretten løyst ut.

Det er også enkelte gonger kome opp spørsmål om inngjerding av hyttetomter.

For hyttetomter i utmark seier granngjerdelova (5) §7 «Mot hyttetuft i utmark har utmarkseigaren ingen skyldnad å halde gjerde.»

2.2. Lokale rammer

Bykle kommune er ein stor hyttekommune, noko som kan kome i konflikt med beiteinteresser i utmark. På innmark er som regel utfordringa for lite bruk av beite med tiltakande tilgroing.

Kommuneplanen verdset beiting i utmark og innmark.(7) Lokale tilskottsmidlar blir brukt til rydding og gjerding for å oppretthalde beiting på innmark.(8) Det har også vorte løyvd tilskott til virtuell inngjerding.

Vi har ein beitebruksplan frå lang tid tilbake, men det vart ikkje laga oversiktskart over beitekvalitet til denne(9)

Grunneigarforholda i Bykle er stort sett slik at det er ein eigar per eigedom. Det er om lag 70 grunneigar og ein ser at der det er sameige og utanbygdsbuande aukar konfliktane med beitedyr.

2.3 Politiske mål

Stortingsmelding nr 5 (2019-2020) (10) er klar på at ein ynskjer vekst og levande lokalsamfunn.

Berekraftig utnytting av naturressursane som gir grunnlag for lønsame arbeidsplassar er eitt av mange mål.

Heieplanen sitt mål om beiting:

Utmarksbeite med **sau og storfe** er ein del av det tradisjonelle kulturlandskapet og blir vurdert som viktig for **levande bygder og kulturlandskap**.

Heieplanen har ikkje som mål å redusere beitebruk generelt, men å sikre **balanse mellom beiting, naturverdiar og villrein**.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Ny kommuneplan vart vedtek 15.10.2024 og legg overordna politikk for areal- og naturressursforvaltinga i planperioden.

Utdrag:

- *Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på forvaltning av dei store naturområda og – verdiane i kommunen av omsyn til framtidige generasjonar».*

- Kommunen ønskjer å aktivere potensialet som ligg i jordbanken og utmarksbeita for å dyrke og produsere mat i Bykle.
- Reiseliv og landbruket i Bykle kyrkjebygd skal utviklast gjennom besøksforvaltning og aktivering av kultur- og naturlandskapet rundt. Lønsamt landbruk, auka sjølvforsyning og meir satsing på lokalmat er eit mål for Bykle kommune.
- Handheving av bu- og driveplikt er sentralt for å få fast busetting og drift på gardsbruka i kommunen og levande bygder.

Landbruksstrategi Bykle

Kommunestyret gjorde vedtak om oppfølging av temadagar – landbruk, sjølvforsyning og lokalmat i sak 102/24, den 15.10.2024:

Bykle kommune set fokus på landbruksnæringar og auka sjølvforsyning, og koplinga mellom landbruk og reiseliv i åra som kjem.

Framover vil ein prioritere;

- Kartlegging av dyrkingspotensial, tilstandsvurdering dyrkamark i dag. Konkretisere strategiar for aktivering av jordbanken i Bykle.
- Sjå på tilskottsordningane for nydyrking og om att-dyrking av gamal innmark.
- Sikre dyrkingspotensial for framtida gjennom ny arealdel av kommuneplan.
- Stimulere til generasjonsskifte gjennom å tilby ordning for vegvalsrettlegg og drøfting av ulik samdrift/utleige der aktive bønder kan nytte seg ressursgrunnlag til landbruksproduksjon på gardar som ikkje er i aktiv bruk. Vurdere om det er grunnlag for eit pilotprosjekt for ny organisering og bruk av innmark i lag med eigarar av bruk som i dag ikkje er i aktiv drift.
- Slutføre arbeid med Beitebruksplan for optimalisering av bruken av utmarksbeite.
- Stø opp om pilotprosjekt som aukar produksjon av nye/andre vekstar, produksjonsformer og å ta i bruk ny teknologi/ utstyr for å auke tilfanget av lokalmat og auka sjølvforsyning.
- Revidere innkjøpsreglementet slik at kommunen fremjar produksjon og etterspørsel etter stuttreist / lokalmat i sine innkjøp.
- Stø opp om prosjekt som koplar reiseliv og landbruk og synergjar mellom skjøtsel, opplevingar og lokal verdiskaping.

3 PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR

«ingen kan få i pose og sekk»

3.1 Tilretteleggingstiltak

Av ulike tilretteleggingstiltak som gjort opp gjennom åra kan ein nemne dette med å lette sankinga i form av rydding av driftevegar, sankegjerde og bruer. Det blir meir vanleg at ein del av sauene i ein flokk har GPS bjøller slik at ein kan fylgje vandringane i sesongen.

Inngjerding av innmarksbeite er eit stort løft for å få brukt meir av areala som er gått ut av drift. Storfe og hest kan vere eit veldig godt alternativ for å få desse innmarksbeita tilbake i drift.

Etter kontroll frå kommunen er det 570 daa som ikkje er i drift i grendene Berdalen, Bjørnarå, Stavenes og Byklum.

Norsk landbruksrådgiving har kartlagt dyrkingspotensial og vurdert potensial på innmark som er gått ut av bruk. Dei peiker på at det ut frå samfunnsøkonomiske og ressursøkonomiske tilhøve bør desse areala brukast før det vert dyrka ny jord til gardane der. Dette vil og gje den effekten at kulturlandskapet på gardane / i grendene vert tatt vare på og ikkje gror att.

NLR skriv; «I Stavenes er ca 175 daa ute av drift fordelt på om lag 65 daa innmarksbeite og 120 daa dyrka mark. Dersom vi reknar vanleg avling på dyrka mark på Stavenes til 300 fem/daa og innmarksbeite til 150 fem/ daa (lågt anslag) vil det vere råd å få fôr og beite til om lag 180 vinterfôra sau – forutsett at ein kan sende dei på heiebeite om sommaren. Kostnadane vil verte mykje lågare ved å sette i stand innmarksbeite og dyrka mark som ikkje er i produksjon nå enn å dyrke opp ny mark. Til dømes reknar vi kostnad med fornying av eng til ca 2300 kr pr daa – samanlikna med nydyrking der kostnaden fort kan bli det tidobbelte. Reknar vi potensialet bare i å få drift på jord som ikkje blir brukt til å dyrke i dag vil det kunne gje grunnlag for «ekstra» 550 vinterfôra sau i kommunen. I 2024 var det 408 vinterfôra sau i Bykle».

.

Ulike typer virtuell inngjerding kan brukast på både innmark og utmark.

I Bykle har vi vedteke at tilskott til tiltak i beiteområde som gjeld storfe (nofence/ og liknande) blir støtta av kommunen, og at det som gjeld småfe blir støtta gjennom OBB (organisert beitebruk) ordninga til staten.

Vinterfôr er nødvendig for at bønder i kommunen kan ha ei viss mengde dyr gjennom ein lang vinter, slik at dei så kan sleppast ut på beite. Dette er ofte ein avgrensande faktor for talet på beitedyr. Nydyrking er viktig for å skaffe vinterfôr som kan haustast maskinelt. Bykle kommune gjev tilskott til nydyrking.

3.2 Beiterett gjerdehald

Dette er eit tema som stort sett har vore gjennomgåande drøfta dei siste 30 åra i kommunen. Dette har stort sett vore knytt til at sauer som har vorte jaga på utmarksbeite, kjem heim og går i byggefelta, enten tidleg eller seint i beitesesongen.

Gjerdehald er stor sett styrt av avtalar og det som står i til dømes jordskiftedommar. Grunneigar må sette seg inn i kor det er gjerdeplikt.

Då det var delt eigedomsrett, kan det, på same areal vere beiterett også for dei som ikkje har eigedomsrett. Dette kan avløysast gjennom jordskifte.

3.3 Rovvilt-hund

Dei store rovdyra som jerv, bjørn, ulv og gaupe er det heldigvis lite av i kommunen. Av rovdyr er det stor sett kongeørn som tek flest lam i kommunen. Rev kan ta lam om våren.

Det ikkje mange som søker om rovvilt-erstatning.

Det er utvida bandtvang frå 20.08-15.10 i området der husdyr har rett til å beite eller faktisk beiter.

Laushundar som jagar sau kan vere eit problem.

3.4 Attgroing- nedbygging- vern

I løpet av 2020 vart gardskart for kommunen oppdatert. Dei fleste områda der ein ser at naturen har tatt arealet tilbake frå landbruksjord til skog er på småbruk der ingen bur eller driv jorda. Vi har også døme på heile grender der ingen, eller svært få, er fastbuande og driv jorda.

Når det gjeld nedbygging er det nærliggande å tenke på hyttebygging som er ei viktig satsing i kommunen. Dette er vanskeleg å kombinere med utmarksbeite. Utbygging gjennom dispensasjonar i LNF område kan også på sikt skape konfliktar med beitebruken.

Vern av areal på grunn av villrein, landskap eller biologisk mangfald er sjeldan i konflikt med tradisjonell bruk i form av utmarksbeite. Tradisjonell beitebruk vil heller fremme verneformål heller enn å hemme det.

3.5 Andre næringsinteresser i møte med beitebruken

Vi har nemnt av hytteutbygging legg beslag på areal i utmark som tidlegare var beitemark. Det er ikkje bare at dette legg beslag på areal som er konfliktfylt, det er også den infrastrukturen som vert lagt rundt, vegar og stiar samt bruken av nærområde (søppel, laushundar).

3.6 Friluftsimteresser- jakt- turisme

Sti og løypenettet i Bykle kommune er godt utbygd, men ikkje alt som er politisk vedtatt er sett i verk.

Mange erfarne jegerar ynskjer ikkje at deira jaktområde skal bli «forureina» av husdyrbeiting og hevdar at dette har innverknad på tettleiken av elg, hjort og villrein. Det er difor mindre leigesauer på beite no enn for 30 år sidan.

Turismen er størst på Hovden, her kan ein vel seie at areal som tidlegare vart brukt til utmarksbeite er gått heilt ut av bruk, og denne bruken er irreversibel.

3.7 Samarbeidstiltak - konfliktførebygging

Bykle og Hovden sankelag er eit samarbeidsorgan for dei med sau på beite. Samarbeidet går i hovudsak ut på å vere eit sekretariat for Organisert Beitebruk (OBB). Myrkvæven beitelag leiger beite på Vestheii på Hovden og beitelaget høyrer også til Bykle i høve til OBB og tilskotsordningane.

4.TILTAKSDEL

Kva skal vi gjere av tiltak?

1. Prioritere dei viktigaste kartlagte beiteressursane og følgje opp eigarane med tanke på å halde jorda i hevd og nytte innmarksressursane aktivt av dei som driv aktivt landbruk.
2. Vere aktive i å påpeike driveplikta, inkludert utmarksbeite, der det er eigedomsoverdraging eller i andre samanhengar der dette er eit tema. Legge inn klausul om utleige og 10 års leigekontraktar i konsesjonssaker.
3. Stimulere til bruk av små, bratte og utilgjengelege areal til beiting, til dømes gjennom bruk av virtuell inngjerding og bruk av ny teknologi og maskiner egna for slike teiger.
4. Prøve å auke talet på vinterfôra dyr gjennom til dømes høgare nydyrkingstilskottBruke aktivt ordninga med tilskott til organisert beitebruk i utmark. (OBB)
5. Ta inn virtuell inngjerding i kommunens tilskotsreglement.
6. Bruke utmarksbeite som eit tema i konsekvensutgreiingar for nye planar og tiltak.
7. Halde på skotpremie på rev.
8. Kartlegge nydyrkingspotensiale – sikre arealressursane med eiga omsynssone i ny kommuneplan – arealdel.

5.KARTDEL

5.1 Kort omtale av dei ulike beiteområda

Trydal-Bjørnarå austheia

I 2024 ingen beitedyr i utmark. Potensiale for meir. Storfe i utmark for første gong i 2025.

Hisdal-Moen vesthei

I 2024 100 sau og lam på beite, avslutta sauehald 2025. Hisdal er verna med frivillig barskogvern. Rundt 1900 vart det sterk utnytting av lauvskog her med geitost ysteri og bruk av lauvskog til brensel, lauving og beiting.

Byklelii-Stavenes-austheia

I 2024 ingen beitedyr i utmark. Godt jaktterreng, og muleg konflikt med beitedyr.

Nordbygdi sør for Bossvatn-vestheia

I 2024 ingen beitedyr, kanskje eitt og anna streifdyr frå sør eller vest.

Støylidalen-vestheia

I 2024 ingen beitedyr blir slept her, men ein del streifdyr frå Byklestøylane beiteområde.

Byklestøylane-vestheia

Her blir det slept ca 340 sau og lam som går i området Hoslemo-Støylidalen-Langhodd.

Hoslemo-vestheia

Her blir det slept 50 sau og lam (2020) som går i området Langhodd-Vatnedalsvatnet. Ingen sau, men nokre storfe i 2025.

Løyning-Dalen- Ørnefjell-vestheia

Her blir det slept om lag 300 sau og lam

Glidbjørg-Berdalen-austheia

Her blir det slept 100 sau og lam i Glidbjørg og ingen i Berdalen

Nylund Steinsland Geiskelid- austheia

Ingen beitedyr

Breive-Vesterdalen vestheia

Det blir slept 80 sau og lam sauer her.

Veringsdalen- Mjåvassdalen vestheia

Myrkvæven beitelag leiger delar av området og kan sleppe maksimalt 2800 dyr.

Hovden austhei

Her er det ingen beitedyr

Bjåen aust og vest

Nokre storfe går på utmarksbeite

Tidlegare beitebruksplan var ikkje følgd opp med oversikt over gode og dårlege beiteområde, men heller ein oversikt over den faktiske bruken.

1. <https://www.bondelaget.no/agder/nyheter/utmarksbeite-ma-prioriteres-og-velferdordningene-ma-styrkes>
2. Stølslandskapet på indre Agder, februar 2002, veieforsøket på lam
3. <https://www.nationen.no/motkultur/kronikk/utmarksbeite-ma-brukast/>
4. https://www.nsg.no/getfile.php/1335223-1348059329/_NSG-PDF-filer/Beitebruk/Beiterett/Verdsetting%20av%20beitebruk/Verdi%20av%20f%C3%B4r%20fr%C3%A5%20utmarksbeite%20og%20sysselsetting%20i%20beitebaserte%20n%C3%A6ringar.pdf
5. Grannegjerdelova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1961-05-05>
6. Beitelova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1961-06-16-12?q=beitelov>
7. Kommuneplan arealdel 2018-2030 vedtatt 27.02.2019
8. Kommunale tilskottsreglar i landbruket for Bykle kommune
9. Beitebruksplan
10. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-5-20192020/id2674349/?ch=1>
11. <https://agderfk.no/f/p1/i477d2dfc-14ca-4ef7-a586-fdeb74933ea2/handlingsprogrammet-2020-2023-til-heiplanen.pdf>
12. <https://agderfk.no/f/p1/i4d721a77-52f4-49e3-ba9e-42cb0c5a8b4e/regionplan-agder-2030.pdf>
13. [file:///C:/Users/sbj/Downloads/Kommuneplan+for+Bykle+2016+2026+Samfunnsdelen\[1\]%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/sbj/Downloads/Kommuneplan+for+Bykle+2016+2026+Samfunnsdelen[1]%20(1).pdf)
14. [NIBIO Brage: Vegetasjon og beite i Bykle. Rapport fra vegetasjonskartlegging i Bykle kommune.](#)